

Informasjonsplansje Lindås Sjøsluser

Bakgrunn

Lindås Sjøsluser frå 1908 er eit av regionens sjøkulturminner, og ei av to gjenverande sjøsluser i Noreg. I 2013 sto sluseportane ferdig restaurerte, men det manglar framleis noko vedlikehald for at dei kan setjast i drift. Det er Kystverket som eig dette sjøkulturminnet.

Det er stor etterspurnad frå tilreisande etter informasjon om slusene og tilgang til å oppleve dei. Per i dag kan dei kun opplevast med båt, og det er starta eit arbeid i bygda med så sjå på løysingar for skyss i sommarhalvåret. Vi ynskjer i tillegg å synleggjere slusene gjennom å formidle historiske bileter og informasjon om dette kulturminnet.

Mål

Synleggjering og presentasjon av kystkulturminnet Lindås Sjøsluser. Målgruppa er både tilreisande og fastbuande, og kulturminnet vert presentert gjennom norsk/engelsk tekst og bilete på stor informasjonsplansje.

Aktivitet

1. Innhente materiale i form av tekst og bilete, samt innhente løyve for bruk av aktuelt materiale til informasjonsplansje.
2. Utforme plansje med bileter og tekst på norsk og engelsk
3. Trykking og montering av plansje.

Vi har som mål å ha plansjen klar til sommarsesongen 2015. I tillegg til at dette vert eit viktig informasjonspunkt som står seg åleine, er planen å innlemme den som eit punkt i kulturløypa, som er under arbeid. Det vert trykt to plansjar om slusene som skal monterast i samband med kaiområda på Vågseidestranda og Lindås Brygge.

Organisering

Lindås Bygdelag står som prosjekteigar. Elisabeth Tonheim har påtatt seg ansvaret for å gjennomføre arbeidet, og innhentar ressursar der det er naudsynt.

Budsjett og finansiering

Budsjett	Sum	Finansiering	Sum
Dokumentasjon, innhenting	2500	Lindås Kommune	10000
Layout, teksting, redigering	7000	Lindås Bygdelag	3000
Trykking og montering	5500	Eigenandel	2000
Total	15000		15000